

Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

Dato: 06.12.2016  
Vår ref.: 2016/10523-12  
Saksbehandlar: HANVIE\_  
Dykkar ref.:

## **Førebels fråsegn til Kommuneplanens arealdel Kvinnherad kommune, 2016-2026**

Kvinnherad kommune har sendt kommuneplanens arealdel på høyring med frist den 8. desember 2016. Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut ifrå korleis den oppfyller målsetjingar og føringar i regionale planar, og om den tek omsyn til regionale interesser på område der fylkeskommunen har forvaltaransvar.

Føremålet med Kvinnherad kommune sin rullering av kommuneplanens arealdel var i utgangspunktet ei teknisk oppgradering. I ettertid har planen utvikla seg til ei meir omfattande rullering. Planprogrammet vart drøfta i regionalt planforum den 06.05.2014. Planforslaget har ikkje vore drøfta i regionalt planforum, men kommunen presenterte grepa i planforslaget for Hordaland fylkeskommune i møte den 04.10.2016.

### **Førebels vurdering**

Vi ser det som viktig og positivt at Kvinnherad kommune rullerer arealdelen av kommuneplanen og får ein arealdel med felles planskildring, plankart og føresegner for heile kommunen inkludert sjøareala.

Etter ei vurdering er vi kome fram til at planforslaget slik det ligg føre ikkje følgjer opp dei regionale interessene i tilstrekkeleg grad. Vi vurderer å tilrå motsegn. Motsegn skal handsamast politisk og vil krevje lengre sakshandsamingstid.

Vi ber no om utsett frist å komme med fråsegn for kommuneplanens arealdel, og ynskjer dialogmøte med kommunen for å drøfte dei momenta vi er kritisk til. Dette gjeld mellom anna:

- Senterutvikling: Planforslaget har manglande definering av senterstruktur, og drøfting av handel. Det er ikkje sett plankrav i senterområda.
- Bruk av føremål for spreidd utbygging i areal for landbruk, natur og friluftsliv (LNF Spreidd): Hordaland fylkeskommune har førebels vurdert at planforslaget har mangelfulle føresegner og retningslinjer for arealbruk og samfunnsutvikling. Dette er ikkje i samsvar med dei regionale interessene for samordna areal og transportplanlegging, forvaltning av strandsone, landskap og friluftstinteresser.
- Strandsone: Vi kan ikkje sjå at det er gjeve ei grunngeving for byggjegransa i sjø. Vi saknar ein diskusjon og heilskapleg planlegging av område for naust og småbåthamn.

- Kulturminne og kulturmiljø: Nokre areal er i konflikt med kulturminne og kulturmiljø. Det er også delvis manglar i kommuneplankartet for omsynssoner for kulturminne.
- Ellers vert Kommuneplanens arealdel rullert før kommuneplanens samfunnsdel og det er manglande samsvar mellom kommuneplanens arealdel og kommunal planstrategi.

## Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har vesentlege merknader til kommuneplanens arealdel som ligg på høyring. Vi vurderer å tilrå motsegn. Motsegn skal handsamast politisk og vil krevje lengre sakshandsamingstid.

Vi ber no om:

1. Drøftingsmøte med kommunen så snart som råd.
2. Utsett frist etter nærmare avtale (Sjå Rundskriv T-2/2003 frå Miljøverndepartementet punkt 3.4).

Bård Sandal  
Fylkesdirektør regional utvikling

Eva Katrine R. Taule  
kst. plansjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Per Nordmark, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdselsavdelinga

Jomar Ragnhildstveit, Klima -og naturressursseksjonen, Regionalavdelinga

Endre Korsøen, Klima og naturressursseksjonen, Regionalavdelinga

Else- Marie Brobakke Aarø, Seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling, Regionalavdelinga

Lars Øyvind Birkenes, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Ole Vegard Skauge Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland